

Interpellasjon til fylkestinget onsdag 4. mars 2020

Terje Kollbotn (R): NEI TIL UØNSKA VINDKRAFTANLEGG I VESTLAND!

«NEI TIL UØNSKA VINDKRAFTANLEGG I VESTLAND!

Raudt Vestland viser til Hordaland fylkesting sitt vedtak til nasjonal ramme for vindkraft i oktober i fjor, der punkt 4 i vedtaket har denne ordlyden: «Hordaland fylkeskommune krev at alle areal i Hordaland blir tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft. Det er særst omfattande konflikhtar knytt til planane, m.a. vedrørande regionale og nasjonale verdiar innan landskap, friluftsliv, naturmangfald, kulturminne/kultur miljø og reiseliv.»

Dei aller fleste kommunale uttalanene til nasjonal ramme kravde med liknande grunngjevingar at kommunane sine areal blei trekte ut av ramma.

Det har seinare kome forsikringar frå sentrale partiapparat om at det skal leggjast stor, for ikkje å seie avgjerande vekt på lokale vurderingar. Noen parti har til og med tatt til orde for kommunal vetorett mot vindkraftutbygging.

Raudt Vestland viser vidare til at fleire kommunar no står i ein strid mot utbygging av vindkraft i sine kommunar; f. eks. Høyanger og Sunnfjord der Fred. Olsen Renewables dagen etter kommunestyre- og fylkestingsvalet har sendt melding til NVE om bygging av Høyangerfjell vindkraftverk. Dette er eit vindkraftverk som Fred. Olsen Renewables vil etablere i fjellområda mellom Høyanger og Viksdalen i Gaular – no Sunnfjord kommune. Gulen kommune står og ovafor ei vindkraftutbygging på Dalsbotnfjellet som kommunen ikkje ynskjer. Fleire eksempel finst, m.a. i Sunnhordaland og i Stølsheimen.

I fylkestings-posisjonen si politiske plattform står m.a. fylgjande:

«Vestland vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, friluftsliv, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak.»

1. Vil fylkesordføraren no stå opp for dei kommunane som risikerer utbygging i strid med sine kommunestyrevedtak?
2. Korleis vil han i so fall gjere det - og kva kan fylkeskommunen Vestland gjere for å støtte kommunane våre som seier nei til vindkraftanlegg i eigne område?
3. Vil fylkesordføreren støtte fylgjande framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak:

«Vestland fylkesting kan ikkje akseptere at det blir gitt konsesjon til eit einaste vindkraftanlegg på land i Vestland fylke om kommunestyret seier nei. Vestland fylkesting vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, friluftsliv, kulturminne / kulturmiljø og reiseliv.»»